Vikøy sokneråd

Postboks 39

5600 Norheimsund

# REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE

## tysdag 23. januar 2018 kl. 18.00 i Norheimsund kyrkje

**Frammøtte:**

Ingvill Sørheim, Kari Bente Valland Træbakken, Eimund Solsvik, Siri Moripen Øverland, Edmund Tolo, Astrid Helleve Fylkesnes , Gudrun Skeie Langeland, Roar Strømme, Odd Øygarden, Rebecca Opsahl-Engen og Arvid Strømme.

Opning ved Gudrun Skeie Langeland

## Sakliste

**Sak 01/18 Godkjenning av innkalling og sakliste, - og referat frå møtet 28.november -17.**

Innkalling og saksliste er godkjend-saka om diakoni er teken ut då møtet er utsett.

Ingen merknader til førre referat 28.nov.

**Sak 02/18 Orienteringar og nytt i kyrkjelyden**

- **Temasamling om Syria og Irak 31. januar**. Denne samlinga vert kopla opp mot Bibeldagen 28. januar (me markerer dette 21. januar). Treng nokon til å lage til. Musikalsk innslag ved organist. Artikkel (Roar) om Syria og Irak i HF. Tek opp kollekt til skuleprosjekt for syriske flyktningar i Libanon. Kari Fure vil halda eit føredrag om dette. Samlinga startar kl. 19.
- Dette er tema som «Bibeldagen» 28. januar.
- Det vert teke opp offer til eit tilknytt skuleprosjekt.
- Det vert avertert i HF tysdag. Roar tek ansvar for dette.
- Ingvill Sørheim kontaktar Marna for å publisera på kyrkja sine sider.
- Eimund og Gudrun ordnar noko frukt etc.
- **Evaluering av gudstenestene i jula**. Første gong ein har hatt felles gudsteneste 1. og 2. juledag i sokna i Kvam.
  1. Juledag Høgmesse i Norheimsund, 2. Juledag Høgmesse i Øystese
    - Det er eit tydeleg skifte til at det er julaftan det store besøket kjem på.
    - 2. juledag var det lite folk.
  
  Vi prøver med same ordning eitt år til.
- **Konsert med Torgeir Kinne Solsvik, Arsen Petrosyan, Laudamus, Arvid Åsprang Strandebarm songlag 27. jan.** Soknerådet står som arrangør.
    - Eimund ordnar billettsal
- **Nytt frå fellesrådet**
    - Bårehuset i Øystese klart medio 2018
    - Øystese kyrkje har 150 års jubileum i år, og har i år temakveldar annankvar onsdag

  - Vedlikehald: I Strandebarm er det etterslep i maling pga dårleg vêr i fjor.. Dette gjeld vel også pga krav frå Riksantikvaren.
  - Kyrkjebladet i Kvam og Jondal går med overskot, ca 54000 NOK i 2017. Olav Skeie Lid er redaktør for tida. Redaksjonen saknar innspel frå Sokneråd og andre om arrangement etc. Jondal vil truleg trekkja seg ut og gå til Ullensvang når omorganiseringa er ferdig.
  - Orgelet i Strandebarm treng vedlikehald mellom 700' til 900' kroner.
  - I Norheimsund Kyrkje er ein varmekjel mogen for utskifting til eksempelvis ei varmepumpe, noko som vil spara kyrkja for straumutgifter og slik vera eit godt prosjekt.
  - Det vil vurderast å setja av eit område utanfor Norheimsund Kyrkje for ein «urnelund». Kyrkjeverja er i gang med dette arbeidet. Dette er fellesrådet sitt ansvar.
-

**Heine Ugletveit er tilsett som kyrkjegardsarbeidar**

**Nils Gunnar Oma er tilsett som vikar for Marna**

- **Nytt frå møtet mellom soknerådsleiarane**
  - Agendaen i møtet var Bispevisitas og førebels plan er send ut
- **Endring av nokre datoar på årshjul for vårhalvåret -18 (siste versjon vert ettersendt)**
  - Årsmøte er sett til 18.mars

**Sak 03/18 Offerliste for 2018**

- Søknadsliste vert ettersendt før møtet
- Ingvill Sørheim har gått gjennom fjorårets mottakarar .
- Ingvill set opp forslag til ein offerplan basert på fjorårets oversikt og gjennomgang av lista i møtet.
    - Vi hadde i 2017 fem ofringar til Himalpartner
    - I utgangspunktet er det bestemt 8 ofringar til eige arbeid
    - Det var 32 ofringar i 2017 til i alt 21 organisasjonar
- I tillegg gjev vi 30.000 i direkte stønad til Norheimsund og Øystese Ungdomskor
  - Det er sett opp 36 gudstenester for 2018.
  - Konfirmantarbeidet er inkludert i dei 8 for kyrkjelydsarbeidet.
  - Vi held ei ofring open for TV aksjonen som i år går til Kirkens Bymisjon 21. oktober
  - Vi støttar berre dei som sender ein søknad

**Sak 04/18 Bispevisitas. Førebels skisse til program er sendt ut.**

- Roar Strømme gjekk gjennom denne
- Planen er førebels, men med positiv tilbakemelding frå bispedømekontoret så langt
- Det skal lagast ei visitasmelding. Denne

**Sak 05/18 Dato for kyrkjelyden sitt årsmøte**

- Dette vert sett til Sundag 18.mars etter gudstenesta
- Førebuingar til årsmøtet: Årsmelding, revidert rekneskap, budsjett 2018 m.m.
- Odd Øygarden tek ansvar for møtet då Ingvill Sørheim er borte denne dagen.

**Sak 06/18 Eventuelt**

**NESTE MØTE er onsdag 21. februar i Norheimsund Kyrkje.**

**Agenda er då Visitasmeldinga.** referent, Edmund Tolo